



FORPROSJEKT: ALLMENNING

SKILDRING FORPROSJEKT ALLMENNING

vedlegg:

ILLUSTRASJONSPLAN: LO 001

KOSTNADSKALKYLE ALLMENNING DEL 1

- Allmenningen vil verte den sentral fotgjenger-aksen nord-sør i Knarvik, og gjev planfri kryssing av E39.
- Allmenningen vil verte det sentrale møtepunktet i det nye sentrum av Knarvik.

Hovudgrep

Hovuideen bak utforminga av allmenningen er eit steinete kystlandskap brote opp av vatn og vegetasjon. Den blågrøne strukturen finn sin plass mellom store granittplater i bygolvet. Elveløpet er det samlande elementet i ein langstrakt allmenning; som strekkjer seg på tvers av Kvassnesvegen og som stadvis har store høgdeforskjellar. Vatnet har med seg historia om Lonane, elva som er «gravd fram» frå røyr under Knarvik. Bygolvet, granittplatene, dannar eit puslespel av opphaldsplassar, samt ei romsleg, gjennomgåande transportåre.

Allmenningen er forma med tanke på å skape eit aktivt byrom; eit urbant aktivitetslandskap som rommar både kvardagsbruk og større arrangement. Allmenningen er i seg sjølv den sentrale gangakse nord-sør, og både lokal gangtrafikk i sentrum og meir overordna ferdselsårer for området mellom Lona og Kvassnesstemma vert samla gjennom denne. I sør dannar allmenningen overgang til friområdet rundt Kvassnesstemma.

Samstundes skal sjølve utforminga av byrommet oppfordre til aktivt bruk av det. Høgdeforskjellar er nytta til

å skape trappeløp og rampar, samt eit romsleg amfi i nordre del. Dette kan nyttast i byromsaktivitetar som parcour og skating, eller som enkle klatre- og leikemoglegheiter for barn. Amfiet kan nyttast til større arrangement, med torget foran det nye kulturbygget som scene, eller til kvardagsbruk som møteplass og gjennomgangsåre. I tilknytning til vassløpet er det lagt bruer, tråkkheller og opphaldsplassar. Slik kan ein oppleve vatnet på ulike måtar; enten ein vil ha ei roleg stund på ein benk langs elvekanten eller hoppe på tråkksteinar over sjølve elveløpet. Eit mindre fossefall vil vere fondmotiv i nord for sørlege del av allmenningen.

Gangsoner og opphaldssoner

Allmenningen skal fungere både som viktig gangstrøk og som eit attraktivt opphaldsareal. Dette krev at det gjennomgåande vert sett av eit tilstrekkeleg areal til gangtrafikk mellom dei ulike aktivitetane.

Nordre del av allmenningen har eit større torggulv; omkransa av eit amfi med trapper og rampar inn mot Knarvik senter. Søndre del av allmenningen har ei sentral gangsone, med møbleringsfelt og elveløp på kvar side. Høgden på allmenningen sør for Kvassnesvegen fell ned mot friområdet. Sjølve gangåra på allmenningen har her eit slakt fall, medan areal nærast bygga på kvar side (i aust regulert til off/priv tenesteyting, i vest til sentrumsføremål) er bygd opp for å sikre god kommunikasjon mellom bygg



Gjennomgåande gangsone gjennom heile allmenningen, med plantefelt, elveløp og møbleringssoner på kvar side.

og uteområde. Høgdeforskjellane er teke opp i mindre murar, med tilhøyrande rampe- og trappeløysningar. Utforminga sikrar gode uteområde knytt til funksjonane i desse bygga, samstundes som den sentrale delen av allmenningen opprettheld det romslege, offentlege byrommet slik allmenningen gjennomgåande skal ha som funksjon.

Søndre og nordre del er knytt saman av både trappeløp og gangveg med rampar (på austsida av nytt bygg). Eit breitt overgangsfelt skaper samband over Kvassnesvegen. Lengst sør smuldrar bygolvet opp, og striper med gras mellom granitthellene dannar overgang mellom byrommet og Kvassnesstemma.

Gangsonene må ha gode og trinnlause tilkomst frå tilstøytande gater, byrom og parkeringshus. Fall i både lengderetning og sideretning må tilfredsstillende krava til universell utforming. Gangarealet må ha leieliner og kontrastfarge som gjer det framkommeleg for blinde og svaksynte. Som gjennomgåande naturlege leielinjer er det tenkt tre rader smågatestein i mørk farge (kontrast til det elles lyse golvet) på kvar side av gangsona. Kunstige leielinjer i støypejern er berre nytta i varselfelt ved trappeløp.

Langs fasadane inn mot allmenningen i midtre del (mellom sentrumskvartalet og sentrumsgården) skal det vera eit overbygd areal med breidde på 3 meter. Ein meter av denne kan brukast av forretningane til salsfremjande tiltak. To meter skal vera til ferdsel. Utanfor denne sonen kan det leggjast til rette for areal til f eks uteservering.

I søndre del er dei tilgrensande områda regulert til tenesteyting, og det er til dømes mogleg at det nye regionale helsehuset i Nordhordland kjem her. Allmenningen vil difor ha offentlege program knytt til helse og rekreasjon; og dette skaper god overgang mot rekreasjonsområdet rundt Kvassnestemma. Gjennom dette, vil søndre del ha ei noko anna atmosfære enn resten av allmenningen, som elles grensar inn mot handel og næring.

Allmenningen er utforma på ein slik måte at det vert soneinndelingar med areal til aktivitet eller opphald. Ulike aktivitetar er knytt til dei ulike 'granittplatene', som deler bygolvet. Ei plate rommar scene; til bruk ved større arrangement eller som møteplass i det daglege. Nokre plater rommar opphaldssonar med benkar, samt moglegheit for uteservering under trekronene. Innimellom sprekk elva fram, og her skaper vatnet liv og rørsle til byrommet. Hoppesteinar, bruer og sitteflatar skaper ulike

måtar å opphalde seg ved elva på.

Amfiet i nord er både gangsoner med rampar og trapper, og opphaldsareal der trappetrinn og kantar dannar sekundære sitjeplassar. Ungdom tar i bruk byrom på nye måtar, og det er viktig å også skape arenaer for desse. Urbane sportsgreiner er på veg inn i bymiljøa og må få ein plass på allmenningen. Amfiet vil vere ein slik stad.

Materialbruk

Som dekke på allmenningen er det tenkt granitt som hovudmateriale. I den sentrale, gjennomgåande gangsona vil det vere lys granitt i små format. Mindre retningsendingar på hellene mellom kvar 'plate', vil gjere at platene vert oppfatta som ulike, einsarta felt. I møbleringssone langs bygga vil det vere i ein samansetnad av 'plater' med granitt i større format eller einsarta plater med steindekke/limt grus. Begge vil vere i mørkare fargetonar enn gangsona, for å skape ein naturleg kontrast i høve til universell utforming. Rampene/gangvegen rundt det nye kulturbygget vil i sin heilskap vere i steindekke/limt grus.

Granitt er i tillegg tenkt brukt i trapper og mindre kantar/murer.



Lys granitt i sjølve gangsoner står i kontrast til mørkare felt med granitt/steindekke i møbleringssone.

Lys


Tilstrekkeleg lys er viktig av fleire grunnar. I hovudsak skal lyssettinga vere med å skape trygge uteområde, til alle tider på døgeret og gjennom heile året. Særleg gjeld det området under E39. Her er det særskild viktig med godt lys, slik at ikkje undergangen vert oppfatta som eit utrygt område. Vidare er god og riktig lyssetting viktig for at svaksynte skal oppfatte kontrastar som viktige for å orientere seg. Generelt vil det vera viktig at lyssetting, gatelys saman med fasadelys, gjev byrommet eit innbydande og trygt preg.

Plantebruk

Plantebruken i anlegget må byggje opp om hovudideen om kystlandskapet. Ein må samstundes ta omsyn til at dette er eit offentleg byrom som må tole mang slags bruk.

Sjølve plantefelta vert enten nedsenka i dekket eller bygd opp som høgare felt omkransa av stålkanter, sistnemnte i trappeløpa i nordre del av allmenningen. Dei nedsenka elementa kan byggjast på fleire måtar og må tilpassast andre konstruksjonar i grunnen. Over tak på kulvert mellom parkeringsanlegga og kulvert for leidningsanlegg, må ein setje i verk spesielle tiltak.

I plantefelta vert det ulike typar vegetasjonsdekke; i hovudsak er det tenkt kombinasjonar av busk- og staudevegetasjon. Staudeartar må veljast med tanke på at dei skal stå i offentlege rom; god etablerings- og dekkeevne, samt hardføre mot sjukdom og skadedyrsangrep. Dette gjeld vasskantvegetasjonen i elveleie. For desse plantegruppene bør det søkjast å nytte mest mogleg lokale artar, i den grad dei er mogeleg å få som handelsvare. For søndre del av allmenningen; der bygolv et sprekk opp mellom striper av gras, er det viktig å velje harde og robuste grasartar som tåler tråkk. Som bytte i Lindås er det naturleg å tenkje bøk, eik eller lind. Det er mange gode variantar å velje mellom her, særleg når det gjeld eik og lind.



Elveløpet er det samlande elementet i ein langstrakt allmenning; som strekkjer seg på tvers av Kvassnesvegen og som stadvis har store høgdeforskjellar.

Vatn - Loneelva

Lindås kommune har starta prosessen med å opne vassdraget i eit mindre område ved Nordhordalandshallen. Me ynskjer å vidareføre dette gjennom heile sentrum og bruke vatnet for å framheve koplinga mellom dei to grøntområda, Lonane i nord og Kvassnesstemma i sør.

Opning av Loneelva er hovudelementet i utforming av allmenningen. Det er ei viktig kjelde til liv og rørslе i byrommet, samstundes som det vil ha ein viktig funksjon som flaumveg for overvatn. Utforminga må ta omsyn til begge desse funksjonane. Anlegget vil difor ha ein overflatedel og ein del som vil liggje under bakken, for å slik handtere vassmengdene på ein sikker måte. Under bakken vil ein leggje fordrøyning og basseng for resirkulering. Det er naturleg å tenkje at deler av vassarrangementet er flomavhengig, medan ein del går ved resirkulering av vatn frå kum under allmenningen. Denne kan styrast slik at den koplår seg opp automatisk i tørre periodar. Over bakken, i sjølve elveleiet, er det tenkt at vatnet sine ulike potensial skal utnyttast; både som formingselement og for lokal reinsing av vatn. Vasspegel, sildrande bekkar, små fossefall og fordrøyingsbasseng med eigna vegetasjon vil skapa mange flotte rom for lek og rekreasjon.

For å unngå meir tilsig til eit røyrledningsnett som allereie har for stor belastning, skal alt overvatn handsamast i dagen. Det er naturleg å sjå overflatevatn og opninga av Lonena i samanheng, og løyse dette i ein felles plan. Kvassnesstemma har i dag for lite tilsig av vatn, og vil med jamne mellomrom tørke delvis ut, noko som skaper dårleg lukt, og utsjånad. Dette verkar i dag negativt på opplevingskarakteren på grøntområdet. Opning av Loneelva og open handtering av overvann vil auke vasstilsiget, og betre denne situasjonen.




Vasskantvegetasjon og elvestein i elveleie.

Det er ein stor operasjon å flytte vassdraget ut frå under senteret, men ein får samstundes handtert problema dei har i dag knytt til flaum. Når tilstrøminga av overflatevatn blir for stor, nyttar elva kjellaren på senteret som flaumveg. I samband med etableringa av allmenningen under E39, og utbetringa av den eksisterande europavegen må ein også handtera Lonena som her er lagt i røyr.

Heilskapeleg utforming - etappevis utbygging

På grunn av lengda vil allmenningen bli bygd ut i etappar, men det er viktig at den får ei heilskapeleg utforming. Planlegging av allmenningen er difor ført fram til forprosjektnivå for å gje ei klar føring for korleis dette byrommet skal sjå ut. Etappeinndelinga er det for tidleg å konkludere på, det må ein komme tilbake til i gjennomføring av planen. Handtering av overvatnet som del av utforminga av allmenningen legg og føringar på korleis dette bør gjerast.

Omtalen av allmenningen ovanfor gjeld heile allmenningen uavhengig av eventuelle etappeinndelingar.



LANDSKAPSPLAN: FORPROSJEKT



Nedskalert illustrasjon av landskapsplan LO 001. Sjå vedlegg for plan i målestokk.

| DEKKER | ALLMENNING | MØBLERING OG UTSTYR | VATN OG VEGETASJON |
|--|---|--|--|
| ALLMENNING Grøntfelt - små tomter Grøntfelt - store tomter SENTRUMSKVARTALET Grus Snølagsteden Faltunderlag SENTRUMSGÅRDEN Tråkkelt i grus Grøssamling Standdekte | ALLMENNING Trappeløp - markering med kunstige ledeløper / kapp - bordplater Rampe Naturlig ledeløpe: tre rader snølagsteden Murkant Murkant med stapp for overvakt SENTRUMSKVARTALET Vassene | ALLMENNING Trebru Scene - teaterstråpen Sykkelparkering Benker Varasjon av sittegrupper SENTRUMSKVARTALET Plastdygt bank Pergola - teaterstråpen | ALLMENNING Tre Planfelt: stader og låge buskar: allmenning Støper med grus Opning av Lonsøka: naturlig, skilsmisse avskje med vassanvegning Fossfall: oppgjort skilsmisse med delbetone vassstøp i retning på mure og stapp lagdeforsjellige over 0.5m Tråkkelt SENTRUMSKVARTALET Grøssplan Planfelt: lyngbed SENTRUMSGÅRDEN Hekk Grøssplan med teningsformer Planfelt: stader Klattplanter |



Nedskalert illustrasjon av illustrasjonsplanen til kvalitetsprogrammet. Se vedlegg C i dette for plan i målestokk.